



Referanse:

- KM 12/06      Utfordringer i religionsmøtet  
KM 07/12      Misjon til forandring
- MKR 14/08      Hovedprinsipper for MKRs interreligiøse engasjement  
MKR 36/14      Religionsteologi på norsk  
MKR 07/15      Religionsmøte og religionsdialog

Saksdokument:

Bakgrunn for saka: *Religionsteologi – på norsk* (arbeidstittel), Verbum 2016

## KM-sak om Religionsmøte og religionsdialog (2. gangs behandling i MKR)

### **MKRs behandling og vidare saksgang** (dette avsnittet ikkje ein del av KM-sakspapiret)

Mellomkyrkjeleg råd (MKR) får no denne saka til andre gongs behandling. Vi ynskjer med dette å leggje fram for MKR ei orientering om arbeidet slik det står no, og vil samstundes be om vidare synspunkt og innspel til avsluttinga av arbeidet fram mot KM 2016. **Saka er no formulert som ei KM-sak med forslag til KM-vedtak, men treng framleis ganske mykje omarbeiding (både innhald og språk).**

Den direkte bakgrunnen for Kyrkjemøtesaka i 2016 er bestillinga Kyrkjemøtet kom med i 2012 under drøftinga av misjonssaka:

«*Kirkemøtet ber om at Bispemøtet og Mellomkirkeleg råd jobber videre med spørsmål knyttet til religionsteologi, kulturforståelse og dialog, samt praktiske spørsmål om kirkens forhold til andre religioner og det flerreligiøse samfunnet».*  
(Vedtak KM-sak 07/2015 pkt. 4d)

I 2013 sette sekretariatet i Mellomkyrkjeleg råd ned ei arbeidsgruppe for å følgje opp vedtaket. Gruppa hadde sist møte i april 2015, og forslag og kommentarar frå det møtet er innarbeidde i dette forslaget. Det har vore eit godt samarbeid med Bispemøtet.

Det viste seg snart at det var nyttig å arbeide med tematikken på ulikt vis:

1. Utarbeide ei sak til Kyrkjemøtet i 2016.

2. Ein eigen versjon av saka vert også lagt fram for Ungdommens kyrkjemøte i oktober 2015.
3. Auke kompetansen ved å lage ei bok med fagartiklar om religionsteologi og erfaringar med religionsmøte og dialog. Verbum forlag vil gje ut boka *Dialogteologi på norsk* (arbeidstittel) på nyåret, og ho er tenkt som ei ressursbok for Kyrkjemøtets medlemmer og andre tilsette og tillitsvalte i kyrkja. Det er lagt vekt på at artiklane skal vere relevante også for lokalkyrkjelyden. Forfattarane har alle vore aktive i Mellomkyrkjeleg råds dialogarbeid, og dei har både akademisk bakgrunn og erfaring i lokale kyrkjelyder.
4. Ressursmateriell om korleis ein kan lese bibeltekstar med eit interreligiøst blikk. Dette er under arbeid og er tenkt publisert på kyrkja sine nettsider. Dette håpar vi kan vere til nytte for prestar, trusopplærarar og andre tilsette.
5. Bispemøtets arbeid med «*praktiske spørsmål om kyrkja sitt forhold til andre religionar*», det vil seie spørsmål som mellom anna er knytte til kyrkjelege handlingar. Dette vil truleg vere ferdig i 2016/17. Om det er ting herfrå som det er naturleg å ta vidare til Kyrkjemøtet, må ein kome attende til.

Dette sakspapiret fortel om bakgrunnen og referansane for saka og klargjer saksgangen vidare. Det diskuterer ymse innsteg til sjølve temaet, drøfter omgrepene «religionsteologi» og går vidare med ting ein konkret kan ta opp i tenkinga omkring dialogarbeid. Det diskuterer så på kva slags nivå både strukturelt og sosialt/fagleg ein god religiøs dialog kan skje. Til sist kjem vi med nokre konkrete forslag og innspel med sikte på å fremje dialogarbeid i kyrkja både sentralt og lokalt.

Sekretariatet ynskjer seg framleis svært gjerne kritikk, innspel og forslag til det vidare arbeidet med saka. Dette forslaget er meint å gje inntrykk av kva slag vinklingar og undertema vi vil presentere for KM. MKRs møte i september vil vere viktig for den endelege utforminga. Derfor ber vi om respons og tilbakemelding frå MKR på forslaget, slik at vi kan sjå i kva slags lei vi skal arbeide vidare.

## Rådet vert anbefalt å konsentrere seg om

- 1. Forslag til vedtak på Kyrkjemøtet.**
- 2. Spele inn eventuelle problemstillingar som ein saknar i sakspapiret.**
- 3. Vurdere om dei problemstillingane ein ber Kyrkjemøtet om å drøfte, er relevante (meir enn å gå inn i sjølve saka).**

**Saksgangen fram mot Kyrkjemøtet er tenkt slik:**

### September:

1. MKRs drøfter saka for andre gong og gjev innspel til KM-saka. Innspel kjem truleg også frå fellesbolken med Samisk kyrkjeråd. Desse leggjast ved MKR-protokollen som går til Kyrkjerådet.

2. Kyrkjerådet drøfter saka for første gong.

Etter desse møta vert sakspapiret arbeidd vidare med av MKRs sekretariat i samråd med arbeidsgruppa med ressurspersonar frå kyrkjelege dialogmiljø.

Oktober

3. Bispemøtet drøfter saka og gjev innspel til KM-saka.
4. Innspel frå Ungdommens kyrkjemøtes behandling av ei eiga sak om religionsdialog vert innarbeidd i KM-saka.
5. SMM-organisasjonane og kyrkjelege dialogsentre får høve til å kome med innspel.
6. Teologisk nemnd drøfter saka.

November/desember

7. MKR og Kyrkjerådet får saka til endeleg behandling.

Fram mot januar: Endeleg sakspapir til KM vert gjort ferdig.

## ***Samandrag av KM-saka***

### **Bakgrunn**

Den norske kyrkja må finne sin identitet som folkekyrkje i eit fleirreligiøst samfunn med ein stat utan religiøs preferanse. Dette er ein heilt ny situasjon som gir kyrkja ei ny rolle og eit annleis spelrom i det livssynsopne samfunnet. Denne saka handlar om Den norske kyrkas sjølvforståing og rolle i eit fleirreligiøs samfunn.

Den norske kyrkja har eit stort ansvar for å vidareføre den kristne kulturarven i eit samfunn med aukande sekularisering og livssynsmessig mangfold. Kyrkja skal sjølvsagt halde fram med å forkynne frelsa i Jesus Kristus og invitere menneske til dåp og gudsteneste. Samstundes skal ho ha ein dialogisk tilnærming til andre trus- og livssynsamfunn. Korleis er forholdet mellom misjon og dialog?

Kyrkja skal møte alle medmenneske med respekt og toleranse og synleggjere at Guds kjærlege omsorg gjeld *alle* menneske. Den norske kyrkja må vere i front for å forsvare alle sin rett til trus- og livssynsfridom og bidra til at alle i vårt samfunn får utøve sin religion, både privat og i det offentlege rom.

På det medmenneskelege planet er det veldig mykje vi kristne har til felles med menneske med ei anna eller inga tru, og rommet for dialog, samarbeid og vennskap er stort. Men kva er eigentleg dialog? Denne saka gjer greie for ulike formar for

religionsdialog og drøftar korleis kyrkja på ulike nivå; nasjonalt, i bispedøma og ikkje minst i kyrkjelydane, kan ha ein respektfull dialog med menneske med anna tru.

Saka drøftar også behovet for auka kompetanse om andre religionar og livssyn og korleis ein taklar til dømes kyrkjelege handlingar når familiiane har medlemmer frå ulike trussamfunn. Ho spør også om korleis vi organisatorisk kan styrkje arbeidet med religionsmøte og religionsdialog i Den norske kyrkja på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå.

Saka er ikkje forberedt med tanke på at Kyrkjemøtet skal diskutere sjølve religions-teologien – dvs. vår kyrkje si lære om forholdet til andre religionar. Her vil det vere ulike teologiske syn, og vi har fleire religionsteologiar i Den norske kyrkja i dag. Dei ulike misjonsselskapene vil til dømes ha noko ulik tilnærming og praksis. Kyrkjemøtet kan velje å drøfte om det er behov for læreutsegn om Den norske kyrkas forhold til andre religionar, til dømes til jødedomen. Nokre kyrkjer har slike, andre ikkje. Ei sak om dette vil i tilfelle måtte greia ut for eit framtidig kyrkjemøte.

Verbum gjev i samarbeid med Mellomkyrkjeleg råd ut boka *Religionsteologi på norsk* (arbeidstittel), og denne artikkelsamlinga er tenkt som meir utfyllande bakgrunnsinformasjon for kyrkjemøtesaka.

### Forslag til vedtak i MKR

- I. Mellomkyrkjeleg råd ber Kyrkerådet fremme saka «Religionsmøte og dialog» til Kyrkjemøtet i 2016.
- II. Mellomkyrkjeleg råd ber sekretariatet innarbeide desse innspela i saka til Kyrkjemøtet....
- III. Mellomkyrkjeleg råd foreslår for Kyrkerådet å fremje forslaget til vedtak i Kyrkjemøtet i 2016 ut frå desse forslagspunktene: **(vil formulerast ferdig til rådsmøta i nov./des.)**
  1. Eit punkt der ein forklarar tilhøvet mellom kyrkja sitt unike misjonsoppdrag og det at vi høyrer saman med alle menneske med ulike livssyn og religionar. Noko om kyrkja sitt menneskesyn og kultursyn.
  2. Eit generelt punkt om kor naudsynt det er at kyrkja finn sin plass i det fleirreligiøse samfunnet. Noko om Den norske kyrkja sin identitet, sjølvforståing og rolle som viktig samfunnsaktør. Noko om tilhøvet religion og samfunn etter grunnlovsendringane; kultur, tradisjon, religionsfridom mm. Kyrkja si kompetanse på religion og samfunn.
  3. Eit punkt om kor viktig det er at arbeidet med ny kyrkjeordning skjer i lys av problemstillingar knytte til det å vere kyrkje i eit økumenisk fellesskap og i eit fleirreligiøst samfunn.

4. Eit punkt om at Kyrkjemøtet set pris på det dialogarbeidet som skjer i dag – og oppmodar til å styrke det (ref. STL, kontaktgruppene, dialogsentre mm.)
  - Noko om at religionsdialogen kan styrke vår egen tru og identitet som kristne.
  - Noko om dialogen sin verd for å skape gode mellommenneskelege relasjonar og eit godt og fredeleg samfunn.
  - Noko om religionsdialog som reiskap for motverke antisemittisme, islamofobi og anna framandhat.
5. Kyrkjemøtet ber Bispemøtet i samarbeid med Teologisk Nemnd i Mellomkyrkjeleg råd og dei teologisk lærestadene om å arbeide vidare med religionsteologi i lys av Den norske kyrkas lære. Det er særleg aktuelt å sjå på kva Den norske kyrkja lærer om jødedom og islam.
6. Kyrkjemøtet ber Bispemøtet i samarbeid med Kyrkjerådet førebu ei sak for Kyrkjemøtet om kyrkjelege handlingar i ein fleirreligiøs kontekst.
7. Behov for auka kompetanse:
  - Kyrkjemøtet anbefaler boka *Religionsteologi på norsk* for tilsette og frivillige i Den norske kyrka.
  - Kyrkjemøtet oppmodar dei teologiske lærestadane til å styrke arbeidet med religionsteologi og interreligiøs dialog.
  - Kyrkjemøtet ber Bispemøtet og Kyrkjerådet om å setje desse spørsmåla på dagsorden i etterutdanninga av kyrkjelege tilsette.
  - Kyrkjemøtet ber om at det vert etablert rutinar for erfaringsutveksling mellom kyrkjelydar.
8. Kyrkjemøtet oppmodar dei lokale kyrkjelydane til å skape møteplassar for dialog og samhandling mellom menneske med ulik tru og livssyn
9. Kyrkjemøtet oppmodar dei lokale kyrkjelydane til å arbeide med å integrere religionsdialog i arbeidet med diakoni og trusopplæring.

Dette arbeidet må gjerast synleg i planar og rapportering.  
Kyrkja og gudstenesta må kommunisere på fleire språk (avhengig av lokale tilhøve).
10. Kyrkjemøtet ber om at etablering av kyrkjelege ressurssenter for religionsdialog i dei bispedømma som enno ikkje har slike, vert vurdert.

# **Saksorientering**

## **1. Bakgrunn**

Her står no om lag det same som i samandraget. Dette avsnittet vert bygd ut i KM-sakspapiret etter innspel som kjem i haust.

Etter avviklinga av statskyrkja må Den norske kyrkja finne sin identitet som folkekyrkje og som eit av mange trussamfunn i eit fleirkulturelt samfunn med ein stat utan religiøs preferanse.

Dette er ein historisk ny situasjon. Det finnест knapt eit lokalsamfunn i dagens Noreg som ikkje har menneske med ulik tru. Barn og unge frå kristne familiar har klassekameratar med ein annan religiøs bakgrunn og veneer utan religiøs tru. Kva svarar ein trusopplærar når Kari spør: Trur Ali på same Gud som oss? Våre arbeidsplassar og fritidsaktivitetar er prega av kulturelt mangfald. Både som enkeltpersonar og som lokalkyrkjelyd skal vi bevare og styrke vår eiga kristne tru samstundes som vi samarbeider og byggjer gode relasjoner til menneske med ein annan eller ingen tru. Den norske kyrkja skal halde fram med å utføre sitt misjonsoppdrag gjennom frimodig forkynning av frelsa i Jesus Kristus og samstundes vere ein konstruktiv og aktiv samfunnsaktør i eit på mange vis nytt Noreg.

Kulturmøte har historisk sett gjort vår norske kultur rikare – men også utfordra han. Den norske kyrkja har eit stort ansvar for å vidareføre den kristne kulturarven i eit samfunn med aukande sekularisering og livssynsmessig mangfald. Vi har grunner til å være stolte og takksame for korleis kristendomen og lutherdomen har medverka til å utforme det norske velferdssamfunnet. Samstundes må vi erkjenne og ta imot andre tradisjonar sine bidrag til utforminga av eit samfunn som er godt å bu i for alle.

Kyrkja skal møte alle medmenneske med respekt og toleranse og synleggjere at Guds kjærlege omsorg gjeld *alle* menneske. Den norske kyrkja må vere i front for å forsvare alle sin rett til trus- og livssynsfridom og bidra til at alle i vårt samfunn får utøve sin religion, både privat og i det offentlege rom. På det medmenneskelege planet er det veldig mykje vi kristne har til felles med menneske med ei anna tru, og rommet for samarbeid og vennskap er stort. Kyrkja må alltid minne om at alle menneske er skapte i Guds bilete, og at vi aldri skal relatere oss til menneske med ei anna tru og religion som ein trussel eller fare. Som kristne er vi kalla til å vitne om vår tru på ein måte som respekterer andre menneske sin integritet. Religionsdialog og misjon er ikkje motsetnad, men er ulike tilnærmingar til menneske med ei anna tru, og dei er begge naudsynte når vi møter menneske med ei anna tru enn vår eigen.

Ulike kyrkjesamfunn er i aukande grad med på å setje sitt preg på kristen tru og tradisjon i vårt samfunn. Dette gjeld ikkje minst Den katolske kyrkja og ei lang rekke migrantkyrkjelydar som no vert etablert over heile Noreg, særleg i storbyane. Vi erfarer også at det vert etablert fleire lutherske kyrkjelydar. Nyleg kunne ein lese i avisar om Den iranske evangeliske lutherske kyrkje i Noreg. Korleis stiller folkekyrkja seg til slike kyrkjer?

Den norske kyrkjas sjølvforståing som eit av fleire kyrkjesamfunn og vår tilhøring til Norges Kristne Råd, er avgjerande viktig for om vi skal finne vår plass i det økumeniske fellesskapet. Dette vil også bidra til ikkje berre å synleggjere vår lutherske eigenart men også til kyrkja sitt felles misjonsoppdrag i Noreg. Desse perspektiva er viktige å ta med seg inn i arbeidet med å etablere ei ny kyrkjeordning for Den norske kyrkja.

Etter grunnlovsendringane i 2012 relaterer statlige organ, slik som Kulturdepartementet, seg i større grad til Samarbeidsrådet for tros- og livssynssamfunn (STL) og til paraplyorganisasjonane Norges Kristne Råd og Islamsk Råd Norge, når det gjeld saker som har med livssyn og religion å gjøre. Den tida er forbi då Den norske kyrkja automatisk var førstevalet når staten trengte råd eller samarbeid knytt til religion. Dette er ei ønska utvikling også frå Den norske kyrkjas side, som har arbeidd for ei lausriving frå staten, og som har støtt hovudprinsippet i Stålsettutgreiinga om ein sekulær stat i eit livssynsopent samfunn. Denne nye situasjonen gjer at Den norske kyrkja no i større grad kan samarbeide med staten på sine eigne premissar. Fridomen gjev oss nye moglegheiter, men stiller oss også overfor mange nye og krevjande utfordringar. Den norske kyrkja kan ikkje lenger ta sin posisjon og sine privilegia for gitt, men vi må vise vår relevans og kapasitet som samfunnsaktør i vårt samspel, ikkje berre med offentlige aktørar, men med andre trussamfunn og mange fleire. Sagt på ein annen måte: Dersom kyrkja vil vere offensiv som etisk premissleverandør og prege utviklinga av det norske samfunnet, må vi vende oss til å vere ein av fleire som «konkurrerer» på ein livssynsmarknad.

Den norske kyrkja har framleis ein unik posisjon, men vi treng å arbeide med vår sjølvforståing i ein ny kontekst. Det trengst ein heilskapleg, fagleg fundert og koordinert tilnærming til dei store utfordringane vi står overfor som (framleis) majoritetskyrkje i eit mangfaldssamfunn. Derfor er det viktig at Kyrkjemøtet drøfter dette og gjev føringar for vegen vidare.

Kyrkja har gjennom si 150-årige misjonshistorie og internasjonale samarbeid ein heilt unik kompetanse på møtet mellom ulike kulturar og religionar. Samisk kyrkjeråd har mykje kompetanse på møtet mellom tradisjonell samisk kultur og kristendom. Den norske kyrkja har også nettverk i alle verdshjørne og er ein pioner i Noreg når det gjelder organisert religionsdialog. Vi har nært samarbeid med misjonsorganisasjonar (til dømes Aeropagos som arbeider særleg med religionsdialog), kyrkjelege dialogsentre og utdanningsinstitusjonar. Ingen andre instansar i Noreg har same kompetanse på religion som kyrkjemiljøa. Denne posisjonen kan vi berre vidareføre om vi satsar ressursar og tar mål av oss å være eit av dei viktigaste fagmiljøa og aktørane på dette feltet i det norske samfunnet.

I KM-sakspapiret vil det bli sett  
ian fleire tekstboksar med døme  
på konkret dialogarbeid, med  
ordforklaringer, tilvising til  
bibelord og sitat.

#### Døme:

Dialog er eit tillitsfullt møte mellom likeverdige partar utan skjulte føremål. I dialogen gjev vi ikkje opp det vi held for sant, men vi gjer vårt beste for å forstå den andre ut frå hennes eigen framstilling av røyndomen. Dialog byggjer tillit som igjen muleggjer at kritikk vert lytta til. Vi går inn i dialog med ynskje om å ta del i den gjensidige endringa som kan skje gjennom møtet.

## 2. Saksgang

I 2006 behandla Kyrkjemøtet saka «Utfordringer i religionsmøtet», noko som m.a. førte til etableringa av prosjektet «Religionsmøte i menigheten». Dette prosjektet vart vidareført i Mellomkyrkjeleg råds arbeid med religionsdialogar og av Kirkelig dialogsenter som vart etablert i Oslo i 2010. Seinare er det etablert dialogsentre i fleire andre bispedømme.

I samband med KM-saka i 2006 vedtok Kyrkjemøtet «Veiledning i religionsmøte». Det vart også laga anna materiell omkring 2006–7. Dette materiellet er no delvis utdatert.

I 2008 vedtok Mellomkyrkjeleg råd «Hovedprinsipper for Mellomkirkelig råds interreligiøse engasjement» (MKR 14/08) som gjer godt greie for både den teologiske og den politiske eller ålmenne grunngjevinga for å drive dialogarbeid. Dokumentet har vore styrande for Mellomkyrkjeleg råds interreligiøse arbeid fram til i dag, men det trengst å reviderast.

Tida er no mogen for å leggje fram ei ny sak for Kyrkjemøtet slik at kyrkja sitt øvste demokratiske organ igjen kan få høve til å reflektere omkring eit felt som berre vert meir og meir påtrengande viktig i vårt eige samfunn – lokalt, nasjonalt og i verda rundt oss.

KM-saka 07/12 om misjon er viktig også for denne saka om religionsmøte og dialog. Den direkte bakgrunnen for saka i 2016 er Kyrkjemøtets bestilling i 2012:

*«Kirkemøtet ber om at Bispemøtet og Mellomkirkelig råd jobber videre med spørsmål knyttet til religionsteologi, kulturforståelse og dialog, samt praktiske spørsmål om kirkens forhold til andre religioner og det flerreligiøse samfunnet.» (sak 07/12).*



Ein kan vurdere å illustrere KM-saka med bilete frå kulturmøte og ulike dialogar.

## 3. Noreg - eit fleirkulturelt samfunn

Her kjem eit avsnitt med fakta om dagens norske samfunn. Stålsett-utgreiinga og aktuelle problemstillingar i «det livssynsopne samfunnet» vil også bli drøfta.

Statistikken for dei siste åra viser tydeleg eit samfunn i endring, også på det religiøse området. I artikkelen «Norge – et sekulært samfunn?» viser Statistisk Sentralbyrå (SSB) korleis fleire og fleire menneske i vårt land vert ikkje-truande eller agnostiske. SSB skriv m.a.:

«Norge i åndelig endring: Funnene [i artikkelen] kan fort tolkes som om det har skjedd en klar sekularisering blant dem som er født i Norge og ikke har innvandringsbakgrunn, mens andre grupper trekker i motsatt retning. Det kan se ut som [...] om Norge går i en multireligiøs retning, heller enn befinner seg i en tiltakende sekulariseringss prosess. Samtidig fremstår Norge som et sekularisert samfunn (Botvar og Schmidt 2010) i tråd med de gjengse beskrivelsene av religion i Europa. Det tydeligste uttrykket for det er nedgangen i befolkningens tilknytning til den religionsformen som i århunder har dominert, nemlig protestantisk kristendom.»<sup>1</sup>

I artikkelen «Trus- og livssynssamfunn utanfor Den norske kyrkja, 1. januar 2014»<sup>2</sup> skriv Statistisk sentralbyrå (SSB) om endringane i religiøs tilhøyrsel i Noreg dei siste åra. Den 1. januar 2014 var 11,5% av folketalet i Noreg registrerte medlemmer i ulike trus- og livssynssamfunn utanom Den norske kyrkja totalt knapt 590 000 menneske.

Av desse 11,5% eller 590 000 menneska hadde dei kristne trussamfunna samla sett den største medlemsmassen (337 000, dvs. 57%). Desse kristne samfunna hadde då vokse med 24 000 frå 2012-13, som er ei vekst på 7,8%. Den romersk-katolske kyrkja er den største «drivaren» av dei, med ei auke på 16% frå 2012-13. Pinserørsla, ein annan stor aktør, talde omlag 39 000, som er det same som året før.

**Statistikken kjem  
som faktabokssar  
og grafer**

Jødedommen er det einaste trussamfunnet som viser nedgang, med 4,5%, men dei absolutte tala er svært små (knapt 800 registrerte) slik at små endringar – t.d. ein familie eller to på flyttefot – kan gjere store utslag.

Kategorien «Livssyn» hadde ei auke på 4,3% til 86 444 medlemmer. Langt dei fleste av desse, 84 300, var medlemmer i Human-Etisk Forbund.

Islam hadde samla sett 22,5% av alle registrerte medlemmer i trus- og livssynssamfunn utanfor Dnk. Det utgjer 132 135 menneske. Islam hadde også størst oppgang i absolutte tal, men framleis berre om ein reknar kristne samfunn utanom Dnk som einskildsamfunn, og ikkje ser også dei samla. Auken hjå islam var på 11 000 frå 2012-13 (9,3%).

Som det vart sagt i starten av dette dokumentet, vert samfunnet vårt altså meir og meir fleirreligiøst, men også meir fleirkonfesjonelt. Det har fått fleire trans- eller overnasjonale og multinasjonale trekk; nordmenn er ikkje lenger automatisk kvite, etnisk norske lutheranarar. Vi får rett nok fleire og fleire menneske som høyrer til religionar eller livssyn utanom kristendommen, men også svært mange frå kristne tradisjonar som ikkje er tradisjonelt norske, slike som ortodokse frå Eritrea og Etiopia, evangeliske kristne frå Vest-Afrika, tverrkonfesjonelle frå Søraust-Asia eller katolikkar frå Filippinane og Sør-Amerika.

---

1 <https://www.ssb.no/kultur-og-fritid/artikler-og-publikasjoner/Noreg-et-sekulaertsamfunn>

2 <http://www.ssb.no/kultur-og-fritid/statistikker/trosamf>. Alle tala under er henta frå dette dokumentet.

Den norske kyrkja kan dermed ikkje lenger velje *om* ho skal relatere seg til eit religiøst (og kulturelt) mangfald, men må reflektere over *korleis* ho skal gjere det. Kyrkja må stadfeste og gjere synleg aktivitetar og refleksjonar som skjer på feltet, og oppmuntre til djupare og vidare tenking og handling. Det å engasjere seg i interreligiøst dialogarbeid er å ta eit samfunnsansvar i ein slik røyndom som dette, og det er ein del av kyrkja sitt kall. Då er det viktig å gje både interreligiøs (og økumenisk) dialog brei og sterkt kyrkjeleg legitimitet.

#### **Det livssynsopne samfunnet**

Stålsett-utgreiinga og aktuelle problemstillingar i «det livssynsopne samfunnet» kjem her.

Her vil vi utdjupe nokre av utfordringane som vart nemnt i bakgrunnsavsnittet.

Kor mykje bør ein ha med – kva er dei mest relevante tema?

## **4. Historikk og arbeidet som går for seg med religionsdialog**

Den organiserte dialogen på nasjonalt plan i Noreg starta opp tidleg på 1990-talet.

Dette vil bli omtala i KM-saka:

Nasjonale dialogar	Samarbeidsrådet for tros- og livssynssamfunn Kontaktgruppa for Mellomkyrkjeleg råd og Islamsk Råd Kontaktgruppa for Mellomkyrkjeleg råd og Det Mosaiske trossamfund Kontaktgruppa for Mellomkyrkjeleg råd og Det norske Buddhistsamfunnet Trepartsdialogen Abrahams forum Kontaktgruppa mellom Den norske kyrkja og Human-Etisk Forbund
Regionale dialogar	Emmaus-senteret/Kirkelig dialogsenter i Oslo Dialogsentre i andre bispedømmer (Stavanger, Borg, Trondheim, Bjørgvin mfl.)
Samarbeidspartnarar	Norges Kristne Råd Oslokoalisjonen for tros- og livssynsfrihet Samarbeid menighet og misjon Teologiske lærestadar

Dei internasjonale dialogane Den norske kyrkja på nasjonalt plan er involvert i vil og bli kort omtala – med tanke på deira relevans for dialogarbeidet i Norge.

Her kjem avsnitt om m.a.:

Tema som har vore aktuelle i dialogane

Utvikling av dialogen: frå særinteresse til allemannseige

Kulturdepartementet og offentlege aktørar si ny rolle

Nye aktørar på dialogfeltet: kva blir kyrkja si spesifikke rolle og bidrag?

Samordnast med del 3.

## 5. Kva er dialog?

Her kjem ulike definisjonar på dialog

### Til dømes:

Dialog er et tillitsfullt møte mellom likeverdige parter uten skjulte hensikter. I dialogen oppgir vi ikke det vi holder for sant, men vi anstrenger oss for å forstå den andre ut fra hennes egen beskrivelse av virkeligheten. Dialog bygger tillit som igjen muliggjør at kritikk blir lyttet til. Vi går inn i dialog med ønske om å ta del i den gjensidige forandringen som kan skje gjennom møtet. En felles praksis ut fra felles erfaringer er en vesentlig del av dialogen.

MKRs prinsippdokument

### Avklaring av omgrep

Det er generelt viktig å vere klår i bruken av omgrep. Det er særskilt naudsynt i samband med eit så fleirtydig ord som «dialog».

Ein driv ikkje dialog for å misjonere, men ein driv heller ikkje dialog for å verta «samde» på ein slik måte at dei grunnleggjande skilnadane mellom religionane vert borte eller nedbygde.

Ei stor oppgåve i dialogisk arbeid er å byggje eigen identitet, men på eit slikt vis at han vert ei plattform for god kommunikasjon: Eg ynskjer som kristen at alle andre skal få kjenne Guds kjærleik i Jesus Kristus, men røynsla er at om vi skal få andre til å lytta til det vi har å seie dei, må vi også vere villige til å lytte til det dei har å seie til oss. Skal eg kunne skjøne korleis t.d. muslimsk eller jødisk tankegang er (og ikkje slik eg trur han er), må eg også vere villig til å høre etter – grundig, og utan fordom. Så må dei høre på meg tilbake, og så kan vi samtale om det vi har hørt. Kva er ulikt, kva er likt, kva er likt endå om det ser ulikt ut (og omvendt), og kvar er skilnadar som ikkje kan eller bør sameinast?

Det er også viktig å vere klar over kva dialogen skal gjere. Ein dialog kan ikkje ha ein skjult agenda. Han fungerer ikkje om den eine eller begge partar eigentleg er ute etter å omvende den andre. Der og då, i dialogen sitt rom, må ein lytte med respekt, for å forstå. (Samstundes er ikkje det å forstå det same som å akseptere eller halde for sant). Slik kan ein byggje tillit og samhandling og byggje ned hindringar for kommunikasjon og praktisk liv i lag. Det treng vi, rett og slett fordi vi er menneske som bur i lag på ein liten klode, i eit lite land.

Ein dialog kan heller ikkje fungere om vi trur han skal viske ut alle skilnadar og kome fram til eit eller anna minste felles multiplum. Tvert om er det ofte slik at det er gjennom den gode tillitsfulle samtalen, og i relief av dialogen, at vi til sist oppdagar kva det *eigentleg* er som er viktig for oss, og som vi verkeleg ikkje kan gje slepp på, og kva som ikkje er så viktig som vi trudde, men som er til hinder for kommunikasjon og utvikling.

Her kan ein ta inn meir frå MKRs prinsippdokument eller frå STILs dialogplakat.  
Og døme på korleis andre kyrkjer tenker om religionsdialog

## Ulike former for dialog

Dialog handlar om mykje forskjellig. Vi kan skilje mellom:

- akademisk dialog kor ein samtaler om heilage skifter og trusdogme
- organisert samhandling (diapraksis) ut frå felles verdiar
- kvardagsmøte mellom menneske med ulik tro

Dialogen kan gå føre seg på nasjonalt eller lokalt nivå og aktørane kan vere religiøse leiarar eller heilt vanlege menneske med ulike bakgrunn og erfaring som dei bring med seg inn i møte med andre. Ofte er det dialogen på leiarplan vi høyrer mest om. Men det er viktig å vere klar over at dei aller fleste møte mellom menneske med ulike tru finn stad i kvardagen mellom naboar i lokalsamfunn.

Dialogen skal ideelt vere mellom menneske som er jambyrdige. I praksis er dette særstakt vanskelig fordi rang, utdanning, språkkunnskap og kjønn ofte vil verke forstyrrende inn. Det er avgjerande viktig å vere klar over dette slik at ein kan ta omsyn til dette. Når folk frå Den norske kyrkja, som framleis er majoritetsreligion og statsberande tradisjon, skal ha dialog med innvandrarar som ikkje kan godt norsk eller kjenner den norske kulturen, seier det seg sjølv at maktforholdet er ei utfordring. Norske kvinner kan oppleve noko liknande når vi deltek i dialog med mannlege religiøse leiarar til dømes i Midtausten. Men ein kan ha gode og respektfulle samtaler likevel - om ein er opne og klar over konteksten.

Dialog og konfrontasjon utelukker ikke hverandre. I dialogen vil vi snakke ærlig og åpent om ting vi også finner vanskelig hos hverandre, samtidig som vi vil lytte til den andres synspunkter og respektere hennes rett til å mene dette. Vi erfarer at dialog krever tydelighet og prinsippfasthet. Samtaleformen er ikke en arena for unfallenhet mot egen overbevisning.

MKRs prinsippdokument



Ofte vil det å gjøre noko konkret saman som til dømes å ete saman, besøke kvarandre heime eller i gudshus under religiøse høgtider (utan å ta del i kvarandre sine religiøse ritual) eller gå saman som klimapilegrimar, skape trygge og gode dialogarenaer.

Ein kan starte dialogen med å snakke om det ein er einige - så kan dei meir krevjande spørsmål kome etter kvart som ein er blitt kjende med kvarandre som medmenneske.

I Samarbeidrådet for tros- og livsynssamfunn og i Kontaktgruppa mellom Mellomkyrkjeleg råd for Den norske kyrkje har ein arbeidd mykje med religionspolitikk og trusfridom. Dei seinare åra har felles arbeid mot religiøs ekstremisme og vald og religion vore viktige tema.

Islamisk Råd Norge og Mellomkirkelig råd for Den norske kirke understreker i fellesskap at alle fritt skal kunne velge sin tro. Vi tar avstand fra og ønsker å motvirke vold, diskriminering og trakassering som følge av at mennesker ønsker å konvertere eller har konvertert fra en religion til en annen, enten det skjer i Norge eller i utlandet.  
Vi tolker våre ulike religiøse tradisjoner slik at enhver må få velge sin egen tro og religiøse tilhørighet på fritt grunnlag, samt få utøve sin tro – både privat og offentlig.

Fellesuttalelse, Oslo, 22. august 2007

## 6. Religionsteologi

### Kva er religionsteologi?

«Religionsteologi» er eit nokså nytt omgrep i norsk samtale om religion. Det knyter seg til den teologiske tenkinga som ein nyttar for å skjøne sin eigen teologiske posisjon i høve til ein religiøst «annan», og om det som eigen teologi seier om ein sjølv og eigen tradisjon, og om den andre, i teologisk forstand. I august 2015 kjem det ut ei bok med tittelen «Religionsteologi på norsk», der mange av medlemmane i den ressursgruppa som har vore med på å arbeide fram denne saka, har publisert artiklar.<sup>3</sup> Det illustrerer at det framleis er naudsynt å diskutere og klargjøre omgrepet.

Den norske teologen og dialogteoretikaren Oddbjørn Leirvik skriv i ein artikkel frå 2004 at religionsteologi tradisjonelt har bygd på omgropa *eksklusivisme, inklusivisme og pluralisme*. Det er nyttige reiskapar, men faren er at slike omgrep kan verta tvangstrøyer som formar erfaringa, like mykje som at dei er ekte navigasjonshjelparar. Leirvik landar etter dette på at det viktigaste for religionsteologien, er ei grunnleggjande «*Erfaring av likskap*» heldt saman med og opp mot ei tilsvarende «*Erfaring av forskjell*». Det forklarar han slik: «Sjølv tenkjer eg at ein religionsteologisk refleksjon må ta utgangspunkt i dei to grunnleggjande erfaringar vi som kristne gjer i møte med den religiøst sett andre: erfaringa av likskap og erfaringa av forskjell. Korleis tydar vi den doble erfaringa av gjenkjennung og framandkjensle?»

Eit reint *eksklusivistisk* standpunkt vil seie at den beste måten å sjå ein annan religion (eller ein annan konfesjon!) på, er som misjonsmark. Her er ikkje noko felles som er verdt å byggje på; den einaste vegen vidare er at den andre vender seg om til mi tru. Ei *inklusivistisk* tenking vil helle i retning av å sjå etter likskapar og trekk som ein kan einast om, og i ekstrem tyding søkje einskap og tilnærming i sjølve trusinnhaldet. Ei *pluralistisk* tilnærming hevdar at det må eksistere rom for fleire overtydingar og trussystem, og at meiningsa med dialog i stort monn er å finne måtar å leve i lag på og forstå kvarandre slik at ein unngår mistydingar og mistankar mot den religiøst andre.

Dette skal forklaraast enklare for KM.

I dette landskapet rører religionsdialogen seg. Han nyttar teologiske og hermeneutiske omgrep og modellar for å skjøne korleis eigen ståstad ser ut i lys av møtet med den andre,

<sup>3</sup> Boka er enno ikkje komen når dette vert skrive.

og kva slags reiskap min eigen tradisjon har (eller treng?) for å skjøne og plassere den andre.

Det er viktig igjen å streke under at Den norske kyrkja korkje har eller søker *ein* einskapleg religionsteologi eller *ei* monolittisk haldning til dialog. Vi lever i ein pluralistisk røyndom; det gjeld også innanfor kyrkja. Det er heller MKRs tanke å gje innspel til samtale og diskusjon om dialog og dialogisk tankegang, slik at ein kan tematisere og arbeide med det i kyrkjelydar, bispedømme, dialogsenter og lokalsamfunn og setje temaet endå meir på dagsorden.

[Ein kan vurdere å leggje inn lenker til dei mest sentrale dokumenta om religionsteologi fra dei økumeniske organisasjonane og utvalte kyrkjer \(t.d. andre lutherske kyrkjer, Den katolske kyrka\)](#)

### Misjon og dialog

[Avsnittet vil skrivast ferdig etter innspel fra SMM-organisasjonane.  
Referansar til KM-saka om misjon.](#)

Kyrkja er sett til å «vere vitne», det vil seie å forkynne evangeliet om Jesus Kristus. Korleis forkynner vi korsets eksklusivitet samstundes som vi skal ha respekt for andre si tru? Korleis er det mogleg å drive misjon (evangelisering) og samstundes ha ein dialog? Kva er eigentleg skilnaden på misjon og religionsdialog?

Vi kjenner ingen annen vei til frelse enn Jesus Kristus, men vi kan heller ikke sette grenser for Guds frelsende gjerning.

Kirkenes verdensråd

Prosjektet «The Uniqueness of Christ» som Egede-instituttet driv, har som siktet å diskutere nettopp korleis ein kan forkynne Kristus og det unike med evangeliet i ei multireligiøs verd.<sup>4</sup> I boka «Religionsteologi på norsk» er det fleire bidrag om tilhøret mellom misjon og dialog.

Det er sentralt i dialogisk tankegang at ein må skjøne kva som driv den religiøst eller livssynsmessig «andre» for å kunne kommunisere meiningsfylt. For kristne tyder det at ein også må skjøne den andre når ein vil samtale om det unike ved evangeliet om Jesus. Mange misjonærar kan vitne om det naudsynte i å setje seg inn i tankegang og tradisjonar der ein er, og skjøne dei så godt som råd er, før ein kan ha von om å nå fram – anten det gjeld praktiske ting eller det gjeld forkynning av evangeliet. Det gjeld også i vårt eige land. Refleksjonen omkring dialog og religionsteologi i dette saksdokumentet har dermed som mål å vise at det ikkje er ein motsetnad mellom dialog og misjon, men at dei utfyller kvarandre og har ulike oppgåver og funksjonar i relasjonane mellom religionar og livssyn.

Vi treng også å snakke saman om når og korleis det er greitt å misjonere eller evangelisere, og når det kan hende ikkje er det, særleg mot sårbare grupper og

<sup>4</sup> <http://www.egede.no/arrangementer/%C3%A5-vitne-om-kristus-i-en-fler-kulturell-kontekst>. MKRs sekretariat er med på arrangementet saman med Egede-instituttet.

einskildmenneske.<sup>5</sup> Oslokoalisjonen for trus- og livssynsfridom har laga ålmenne retningsliner for misjon og konvertering,<sup>6</sup> og Mellomkyrkjeleg råd har utarbeidd retningsliner for kva som er akseptabel praksis når det gjeld asylsøkjarar og i asylmottak.<sup>7</sup>

Som kristne meiner vi i utgangspunktet ikkje at fleire religionar i seg sjølv er eit gode: vi trur at Kristus er vegen, sanninga og livet. Likevel finst dei, og vi må møta dei – i og med dei einskilde menneska som fylgjer dei – både med eit levande ynskje om å visa kven Jesus er, og med reell dialog som siktar på sameksistens og forståing oss imellom der vi faktisk lever.

Kyrkja treng å fremje ei positiv erkjenning av den fleirkulturelle røyndomen som eit faktum, av at kulturmøte generelt kan gjere oss rikare og drive utviklinga framover, og av dialogen som eit verkemiddel i denne røyndomen. Samstundes skal vi vere ærlege om utfordringane som kan finnast i møte mellom menneske frå ulike tradisjonar, religionar og kulturar. Uansett er det klårt at vegen tilbake til den homogene kulturen vi kan hende trur at vi eingong hadde, er stengd – på godt og vondt. Vi har ikkje noko val; vi må leve i den røyndomen som finst.

Alt dette tyder i praksis at Den norske kyrkja ikkje kan velje *om* ho skal relatere seg til eit religiøst, livssynsmessig og kulturelt mangfald, men i staden må reflektera over *korleis* ho skal gjere det. Når stoda er slik, er det viktig å gje dialog mellom dei ulike religionane og livssyna brei og sterkt kyrkjeleg legitimitet og å spreie kunnskap om den. Det gjeld ikkje berre den kan hende mest kjende dialogen med islam, men også med jødedom, ikkje-religiøs humanisme, buddhisme, andre religionar, urfolk, ulike nyreligiøse og andre grupper.

## Nokre særskilde dialogar

### Urfolkstradisjonar

I det store biletet av migrasjon som er teikna over, med nye og av og til dramatiske religions- og kulturmøte i notid, må vi ikkje gløyme eller gøyme at Noreg har vore fleirkulturelt og fleirreligiøst svært lenge. Det samiske urfolket heldt på sin tradisjon frå førkristen tid langt opp mot våre dagar, og mykje av den finst framleis eller vert henta fram att. Dei fleste samiske gruppene tok eller vart gjeven luthersk kristendom som sin gjennom dei siste to-tre hundreåra, gjerne i læstadianske utgåver, men det finst også samiske grupper (austsamane eller skoltesamane) som henta eller fekk ortodoks kristendom endå tidlegare frå Russland. Vi treng å minnast den til dels brutale måten som fornorskinga og kristninga av desse gruppene skjedde på. Det kan hende det er på sin plass med ein ny dialog om dei spesifikt religiøse erfaringane i dei samiske miljøa og i møte med det skandinaviske storsamfunnet. I eit slikt arbeid vil Samisk kyrkjeråd vere ein heilt sentral aktør.

### [Her kjem meir tekst frå Samisk kyrkjeråd](#)

5 <http://www.gammel.kyrkja.no/?event=dolink&famID=17453> og

6 Sjå <http://www.jus.uio.no/smr/om/programmer/oslokoalisjonen/> NØYERE REFERANSE TRENGS

7 REFERANSE?

### Jødedomen

Her må det inn eit avsnitt om kyrkja sitt forhold til jødane – historisk og i dag.

Oppgjer med jødehat og antisemittisme

Kyrkja sitt ansvar for å motarbeide dette i det norske samfunnet i dag

Misjon overfor jødar?

Kva er Den norske kyrkjas syn på dette? Treng vi ei avklaring?

Andre kyrkjer si handling overfor jødedom og misjon

### Islam

Kristendom og islam

Her kjem noko om særskilte utfordringar i dialogen med muslimar

## **7. Ny kyrkjeordning**

Religionsmøte/religionsdialog utfordrar også ekklesiologien vår (læra om kyrkja). Nokre døme:

1. Kva tyder eit fleirreligiøst Noreg for Den norske kyrkja og for kva slags kyrkje vi skal og vil vere?
2. Korleis kan ein forstå omgrepet «folkekirkje» i ein røyndom der kan hende 35% av den lokale befolkninga er med i Den norske kyrkja, 25% er med i andre, kristne kyrkjer (t.d. immigrantkyrkjer), 25% er muslimar og dei siste 15% ikkje hører til noko organisert trudomssamfunn eller er humanetikarar?
3. Korleis skal vi tenkje om ei geografisk organisert kyrkje i framtida?

Her kjem meir tekst etter innspel frå m.a. Kyrkerådet.

## **8. Korleis arbeide med religionsdialog i kyrkja?**

### **Lokal kyrkjelyd og lokalsamfunn**

Religionsmøte og dialog må inn i kyrkjelege dokument og planar, slik som dei overordna planane for diakoni og trusopplæring. Det kan hende feltet også bør få eigne planar, men kyrkjelydane har alt mange slike dei skal ta omsyn til. I trusopplæringsplanen slik han no står, er det lite om interreligiøs dialog og om andre religionar enn kristendomen. Kulturelt mangfold, urfolk og funksjonsevne er nemnt, men det vert ikkje reflektert over religiøst mangfold og religionsdialog. Om det vert inkludert i praksis, kjem dermed lett an på interesse frå einskildpersonar. Det vil gjera fokuset ujamt og sårbart og svært avhengig av eldsjeler.

I 2016 veit vi kva som har skjedd med *Stålsett-utvalets rapport*, og vi er komne mykje lenger i prosessen fram mot ei ny ordning for Dnk. Då kan vi betre leggje planar for korleis vi skal ta opp fleirreligiøsitet og religionsmøte i samband med kyrkjelege spesialtenester (forsvaret, sjukehus/sjukeheimar, studentar, fengsel). Kyrkja forkynner

også med sine strukturar: Skal andre religiøse samfunn vere avhengige av kyrkja sin velvilje for å sleppe til på livssynsarenaen, eller skal Dnk sjølv vere med på å legge til rette for fordeling av tenester for religiøse og livssynsmessige minoritetar? Her trengst refleksjon og arbeid.

Ein bør ta opp temaet om kyrkja sine kasualia og fleirreligiøsitet, gjerne med eksempel og utfordringar slik som tverreligiøse ekteskap og familiar, dåp og fadrar, gravferder, nattverd og fleirreligiøsitet, deltaking i gudstenester, andre religiøse innslag enn kristne i gudstenester.<sup>8</sup>

Ein treng å drøfte skilnader og likskapar mellom by og land på ein slik måte at religionsdialog og religionsmøte kan få ein vinkel som gjer dei relevante for flest mogleg. Det er naudsynt å hugse at mange lokalsamfunn har mykje røynsle på feltet, men ikkje alltid lik den som ein finn i storbyane. Arbeidsinnvandring av personar både frå andre kyrkjer og med ein annan religiøs bakgrunn er vanleg, også på mindre stader. Til dømes har ein på Støren i Sør-Trøndelag fått mange romersk-katolske innvandrarar som treng stader å ha gudsteneste, og Dnk låner ut kyrkjer til messefeiringa deira. Likeeins finst mange andre religiøse og etniske grupper som er busette i lokalsamfunn utanom dei større byane i kortare eller lengre tid, og som kyrkja vil byggje relasjonar med.

Det er viktig å ta opp teologiske spørsmål som kjem opp i dialogane, men ikkje å argumentere for eller mot dei. Trua på treeininga og Jesus, synet på døden, himmel og helvete, frelsa, sanning, synet på skrifta og mange andre tema kan vera aktuelle. Innsteget må vera dialogisk, altså slik at det byggjer forståing gjennom at ein lyttar til kvarandre for å forstå, samstundes som ein gjer seg medviten om sitt eige trusgrunnlag. Det er berre den som sjølv har ei tru, som kan gjere greie for korleis ein skal forstå nettopp denne på eit eksistensielt og personleg plan.

Likeeins er det viktig å ta opp og eventuelt erkjenne like og ulike syn på etiske saker som kan ha store teologiske verknader, slik som klima og skaparverk, global rettvise, kjønnsroller, kvinnesyn og homofili. Samstundes er det naudsynt å ikkje la samtalen stogge der. Slike emne kan fort verte svært effektive «showstoppers», på same måte som dei klassiske teologiske stridsspørsmåla (t.d. Treeininga og Jesu natur). Lytt, arbeid med å skjøne kva den andre seier og kvifor, og vert deretter einige om å vere ueinige, slik at ein kan gå vidare.

Korleis ein opplever klimaet for religionsdialog og fleirreligiøsitet, vil variere. Ressursgruppa ser tendensar til mykje godt dialogisk arbeid i Dnk, men også tendensar til likesæle. Vår vurdering er at det held på å vekse fram ein trong til å markere religiøse skilnader meir enn tidlegare. Mangfaldet skaper eit slikt behov også i Dnk, sjølv om ho er van med å vere den store fleirtalskyrja som representerer Folket med sjølvsagt autoritet og tyngd. Ein bør då spørje seg om det å markere religiøse skilnader meir enn før vert gjort på ein god måte, og ikkje på ein måte som gjer at veggjar mellom ulike grupper vert

---

<sup>8</sup> Bispemøtet arbeider med nokre av desse emna i ein praktisk-teologisk kontekst og vil etter det vi veit freiste å kome fram til praktiske rettesnorer rundt fleire kyrkjelege handlingar til bruk i dagleg virke i kyrkjelydane. Sjå lista over konkrete tiltak lengst bak i dette dokumentet. Bispemøtet sitt arbeid er venta ferdig om lag til nyttår 2016, etter det vi erfarer no.

reiste att. Kan kyrkja i staden makte å artikulere trua slik at ho både står fram som klår, og samstundes slik at vi kan tala om henne og om tilhøvet vårt til kyrkja på dialogisk og ikkje ekskluderande vis? Då kan vi vere med på å skape ei kyrkje som både er tydelegare og meir open og dialogisk på same tid.

Dialogarbeid er også identitetsarbeid. Det er sentralt i både teologi, filosofi og psykologi at identitet vert til i relasjonar, ikkje åleine. Røyndomen både «på bakken» og i media er meir kompleks enn tidlegare, og fleire hører til eller får informasjon frå og har relasjonar til andre religionar og livssyn i ulike former. Den religiøse sida av mennesket er viktig, men ho er ikkje den einaste identitetsfaktoren, og kor viktig ho er, varierer mellom folk og gjennom livsløpet til eit menneske. I desse relasjonane vert vi forma, også religiøst.

#### Kva slags organisatorisk nivå kan og bør ein religiøs dialog skje på?

Eit sentralt tema for ein dialog er det strategiske: Kva slags nivå skal han skje på, og kven er med? Kven representerer dei, og kva er den relative styrken til grupper som er representerte?

Tradisjonelt har dialog ofte skjedd på eit høgt nivå, gjerne internasjonalt. Leiarar for ulike kyrkjer eller religionar har møttest og utveksla høflege ord og fråsegner om forståing og respekt for andre truande menneske, og dei har med seg akademikarar frå sine respektive tradisjonar som set seg ned og finn gode formuleringar ein kan einast om. Slike dialogar er ofte naudsynte og viktige, særleg i land med store religiøse spenningar, slik som t.d. i Midtausten. Det har stor symbolsk tyngd at leiarane er vener og kan snakke saman, og det skal ikkje nedvurderast. Møte på høgt nivå kan sjølvsagt vere intenst nærgåande og gå djupt ned i sakene, som dei norske kontaktgruppemøta mellom MKR og t.d. Islamsk Råd ofte er eit døme på. Samstundes er slike samtalar i seg sjølv sjeldan nok for å skape verkeleg forståing på lokalplanet. Aktørane er ofte synlege, dei har tunge posisjonar å forsvare og kan ha lite rom for manøvrering.

Andre dialogiske prosjekt skjer på grasrotnivå og er gjerne meir fokuserte på praksis, diakoni og sosialt arbeid (diapraksis) enn på teologiske nyansar og skilnader. Slikt arbeid er viktig for å fremje sosial sameksistens og samarbeid i lokalsamfunnet, og det kan vera avgjerande for at mindre samfunn ikkje vert rivne frå kvarandre, og for at folket der kan leve saman i fred.

Ingen av desse nivåa er som oftast avgjerande åleine. Eit mellomnivå syner seg ofte å vere sentralt. Her tenkjer vi på «mellomleiarane», slik som prestar, kateketar, pastorar, imamar og liknande. Dei har kanalar oppover til toppleiinga og er samstundes avgjerande viktige for det som skjer på lokalt nivå. Røynsla til dei som har drive mykje med dialog, tyder på at både grasrotarbeid og topptungt arbeid treng at mellomlearnivået er med, viss arbeidet skal føre til verkeleg forandring og samstundes vere forankra og leve over tid.

#### Kva slags fagleg og sosialt nivå kan og bør ein religiøs dialog skje på?

I forlenginga av spørsmålet om kva nivå dialog kan eller bør skje på, kan ein gå vidare og spørre seg kva slags reiskap ein bør nytte. Mange dialogar kan vere akademiske, mellom teologar og akademikarar. Det er sjølvsagt viktig å klargjøre omgrep og tenkte grundig gjennom korleis ein forstår både seg sjølv og den religiøst andre. Samstundes kan ein slik dialog ofte verke som noko framandt for fotfolket i moskear og kyrkjer. Akademikarane

sitt arbeid er naudsynt og grunnleggjande, men må oftest både forankrast i leiinga og få feste hjå fotfolket for at det skal resultere i meir enn solide rapportar og sluttdokument. Likeeins er lokalt venskap og samhandling naudsynt, godt og viktig, men kan vere sårbart om det er svært avhengig av lokale eldsjeler og manglar forankring høgare oppe og ei viss institusjonalisering. Alle nivåa er naudsyste og viktige og må spele på lag.

Det er grunn til å streke under at alle dei ulike nivåa i den organiserte dialogen treng alle dei andre og svarer til ulike funksjonar og «faglege nivå». Fotfolket må involverast og lære kvarandre å kjenne, bli vene og få tiltru til kvarandre. Slik kan ein ekte samtale utvikle seg og folk byggje gode lokalsamfunn. Akademikarane må lære om den andre sine omgrep og modellar og korleis dei kan omsetjast inn i eigen kontekst, og formidle det dei lærer til sine eigne. Mellomleiarane må få støtte frå leiarane sine til å arbeide med dialog og diapraksis i lokalmiljøa sine og fremje tillitsskapande tiltak. Leiarane på si side må få fotfolk, akademikrar og mellomleiinga med seg om ting skal skje på grasrota.

MKRs sekretariat trur at det trengs folk som arbeider med religionsdialog på mange plan. Det vert gjort mykje godt arbeid ute i bispedømme og kyrkjelydar. Kyrkjelege dialogsenter finst i nokre byar. Fleire bispedømme har folk som steller med temaet, i det minste på deltid. Nokre stader finst dialogprestar på prostinivå. I tillegg finst dei ulike kontaktgruppene som Den norske kyrkja er med i gjennom Mellomkyrkjeleg råd (med Islamsk Råd Norge, Human-Etisk Forbund og Det Mosaiske Trossamfund). Ut over det veit vi at mange kyrkjelydar driv formelt og uformelt dialogarbeid i grupper eller med andre religiøse organisasjonar eller forsamlingar der dei finst.

Vi ser at alle nivå er representerte og vil gjerne gjere vårt til at dette viktige arbeidet både for kyrkja vår nasjonalt og for dei mange lokale kyrkjelydane og lokalsamfunna kan halde fram og utvikle seg vidare. For at det skal skje, treng vi sentralt å ha fokus på dette arbeidet, støtte det og gje det legitimitet og tyngd.

## *Økonomiske/administrative verknader*

**Dette avsnittet må skrivast ut frå signala i MKR og KR**

